



Hillesvik Transport Rune Hillesvik
Hillesvik
5685 UGGDAL

Dato: 17.04.2015
Vår ref.: 2015/552-14
Saksbehandlar: annvedv
Dykkar ref.:

Bruk av erstatningskøyretøy for drosje

I fylgje yrkestransportforskrifta § 48, tredje ledd har løyvehavar høve til å nytta erstatningsbil når særskilte vilkår er oppfylt:

«Er løyvehavers ordinære vogn som følge av skade eller reparasjon ute av drift, kan løyvehaver i stedet sette inn en annen vogn som fyller kravene i første og annet ledd. Bestemmelsene i § 13 gjelder tilsvarende for slik vogn.»

Vilkår for å nytta erstatningsbil er altså at den *ordinære* drosja er ute av drift på grunn av *skade eller reparasjon*.

Samferdselsavdelinga har lagt til grunn at taksameter i den ordinære drosjebilen vert flytta over i erstatningsbilen, og at erstatningsbil såleis berre vert nytta ved lengre driftsstans. Det er vår praksis at dersom den ordinære drosja har driftsstans i meir enn 1 veke, skal samferdselsavdelinga ha melding om dette. Løyvehavar skal leggja fram stadfesting frå verkstad om stipulert lengde på driftsstansen. Ein legg til grunn at løyvehavarar som har reservedrosje, må kunne nytta denne som erstatningsbil ved kortare driftsstans.

Samferdselsavdelinga er kjent med at ein del løyvehavarar, mellom anna du, har etablert praksis med permanent erstatningsbil med eige taksameter. Me er vidare kjent med at mange erstatningsbilar er jamnleg i bruk og køyrer i staden for både ordinær drosje og reservedrosje, samt at erstatningsbil vert nytta ved andre høve enn driftsstans som fylgje av skade/reparasjon. Praksisen er etablert hjå løyvehavarar som av økonomiske og/eller praktiske omsyn driv verksemda med fleire bilar enn løyve. Det verkar å vera ein utbreidd oppfatning at dette er kurant så lenge det ikkje er fleire bilar i drift samstundes enn det løyvehavar har løyve for. Etter samferdselsavdelinga si tolking er dette ikkje i tråd med gjeldande regelverk.

Spørsmålet er tatt opp med samferdselsdepartementet, og departementet svarte slik i brev av 19.02.2015:

«Departementet legg til grunn at dersom vilkåra er til stades for å kunne bruke erstatningsvogn, vil det vere ein føresetnad at taksameter og taklykt med løyvenummer frå den ordinære drosja vert nytta».

Hordaland fylkeskommune si tolking og praktisering av regelverket er i tråd med departementet sitt syn.

På denne bakgrunn presiserer samferdselsavdelinga at erstatningsbil berre kan nyttast når den ordinære drosja er ute av drift på grunn av skade/reparasjon. Ein varslar med dette om at bruk av permanent erstatningsbil med eige taksameter ikkje vert akseptert, men er brot på gjeldande regelverk og vil verta handsama som det.

Frist for å avvikla permanent erstatningsbil er sett til 1. august 2015. Har du spørsmål bed me om at du tar kontakt med samferdselsavdelinga.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Brev frå samferdselsdepartementet dagsett 19.02.2015